

Informasjon til kommunane i Møre og Romsdal

Dato: 08.05.20.

Smittevernkrav gir kapasitetsutfordringar for skoleskyss

Viser til melding sendt ut sist veke om kapasitetsutfordringar knytt til skoleskyss. Når regjeringa no opnar for at alle elevar i grunn- og vidaregåande skole kan møte på skolen igjen, vert skoleskysstilbodet ei enno større utfordring.

I smittevernrettleiaren som kom denne veke, blir det lagt tydelege føringar for at bussar ikkje skal fyllast opp med meir enn 50 % av kapasiteten. Dette må vi ta omsyn til. Når de gjeld skoleskyss oppmodar vi kommunane til å planlegge skolekvardagen med omsyn til at det maks vil vere 50% kapasitet på skolebussane. Vi har utarbeida ein eigen rettleiar for skoleskyss, som fylkeskommunen vil følgje. Denne finn de vedlagt.

No når det vert opna for at s 5.-10-klasse kan møte på skolen, må kommunane ta høgde for at skoleskysskapasiteten allereie er sprengt. Vi ber om at kommunane informerer skolar og føresette om kapasitetsutfordringa på skoleskyss. Det som uroar fylkeskommunen er at vi kan sette elevar og sjåførar i ein vanskeleg situasjon, der ein anten må bryte smittevernråda eller la elevar stå att på haldeplassen, og ikkje kome seg på skolen. Dette må vi søke å unngå. I nasjonal rettleiar står det at elevane der det er mogleg ikkje skal nytte offentleg transport, med mindre dei ikkje har andre alternativ.

Elevar som reiser med buss må respekterer smittevernreglane. Seter som ikkje skal nyttast er markert. Det er viktig at elevane ikkje brukar desse seta, men held avstand til kvarandre. Foreldre til barn som må ta skolebuss bør snakke med barna sine om dette.

I ein normalsituasjon har fylkeskommunen eit skoleskysstilbod som ikkje er dimensjonert for fleire elevar enn dei som har skyssrett. Med dei smittevernreglane vi må ta omsyn til, vil vi mangle om lag 300 bussar dersom alle elevane med skoleskyssrett skal ha eit tilbod, noko som ikkje er mogleg i dag.

For å m. a. ta omsyn til smittevernreglane samt å sikre eit trygt og godt skoleskysstilbod, har fylkeskommunen lagt opp til at dei offentlege vidaregåande skolane ikkje skal ta i mot meir enn inntil 50% av elevane kvar dag. Elevane i vidaregåande skole skal då veksle mellom å møte på skolen og ha digital undervisning heime. Dette oppmodar vi også kommunane til å gjere.

Kontaktpersonar:

Svein Ivar Aarskog, fagansvarleg buss, mob. 992 48 572

Jesper Wiig, seksjonsleiar, mob. 975 86 533